

Saksnr: 2019/119-1  
Saksbehandlar: Marit Rødseth

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.12.2019

**Oppstart av arbeidet med Regional planstrategi 2020-2024 –  
Utviklingsplan for Vestland****Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet startar arbeidet med regional planstrategi for Vestland 2020-2024 med sikte på vedtak i fylkestinget i september 2020. Arbeidet byggjer på rapporten: Vestland - Utfordringar for fylket og for regionane, og Vestland folkehelseoversikt 2019-2023.
2. Planutvalet leiar prosessen og drøftar vegval under vegs, og samrår seg med KS for Vestland og fylkesmannen i Vestland etter behov.
3. Fylkesutvalet vil leggja til rette for medverknad frå eksterne organ både før vedtak av høyringsforslag og i høyringsperioden mai-juni.
4. FN sine 17 berekraftsmål for 2030 skal leggjast til grunn for planstrategien.
5. Fylkesutvalet fastset at formell oppstart av regionalt planarbeid i Vestland, utanom regional transportplan, skal avvente vedtak av ny planstrategi. Felles handlingsprogram for planar som har same tema kan likevel utformast straks.
6. Arbeidet med ein felles regional transportplan startar opp parallelt med planstrategien. Det vert lagt til grunn at planstrategien vert vedteken før ny regional transportplan slik at føringar i planstrategien vert lagt til grunn for planen.

**Samandrag**

Arbeidet med regional planstrategi for 2020-2024 vert formelt starta opp. Strategien er ein overordna utviklingsplan for Vestland fylke og gir retning for satsingar for alle forvaltningsnivå og føringar for regionalt planarbeid i perioden. Planutvalet leiar prosessen og drøftar vegval undervegs. Rapporten Vestland – utfordringar for fylket og regionane blir lagt til grunn for arbeidet saman med rapporten Folkehelseoversikt for Vestland 2019-2020. Det blir lagt opp til samråd med Fylkesmannen i Vestland og KS – Vestland om innhald og prosess. Intern medverknad frå fagutvala og ekstern medverknad frå relevante organ vert gjennomført i perioden februar-mars. I høyringsperioden mai-juni kan det bli lagt til rette for eksterne høyringsmøte. Fylkesrådmannen tilrår at oppstart av regionalt planarbeid avventar ny planstrategi med unntak av ny regional transportplan.

Rune Haugsdal  
prosjektleder

Paal Fosdal  
påtroppande fylkesdirektør for Avdeling for  
strategisk utvikling og digitalisering

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget skal i medhald av Plan- og bygningslova § 7-1 kvart fjerde år vedta ein regional planstrategi seinast eitt år etter konstituering. Planstrategien skal gjere greie for sentrale utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter og setja retning for utviklinga i fylket gjennom mål. Strategien skal også fastsetja kva planar som skal utarbeidast dei komande fire åra.

Planstrategien er ein utviklingsplan for fylket og vedkjem også statlege organ, kommunar og samfunnet elles. Regional planstrategi skal utarbeidast i samspel med samfunnet. Det er ein obligatorisk høyringsperiode på 6 veker før det kan fattast vedtak.

I forkant av arbeidet med strategien utformar regjeringa nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging i medhald av Plan- og bygningslova §6-1. [Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#) blei lagt fram 14.mai 2019.

All planlegging skal fremje berekraftig utvikling slik som fastsett i føremålet med planlegging § 1-1, og skal i tillegg vera realistisk i høve til økonomiske føresetnader.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har det overordna ansvaret for planlegging i Vestland fylke. Det er derfor naturleg at fylkesutvalet formelt startar arbeidet med planstrategi og gir føringar i form av organisering, framdrift og rammer elles. Det er ikkje krav om kunngjering av oppstart eller planprogram for regional planstrategi. Fylkestinget skal vedta planstrategien etter tilråding frå fylkesutvalet.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Kostnadar for utvikling av planstrategien vert tilpassa innafør relevante og ordinære budsjettammer og krev ikkje ekstraløyvingar. Når regional planstrategi er vedtatt vil den gje føringar for prioriteringar i budsjett og økonomiplan frå 2021.

**Klima:** Arbeidet med utforming av planstrategien vil leggja vekt på å unngå klimagassutslepp gjennom å utnytte eksisterande møtearenaer, nytta klimavenlege fasilitetar og digital kommunikasjon i størst mogeleg grad.

Klimaomstilling er registrert som ei viktig utfordring som bør handterast i regional planstrategi 2020-2024. Det er også gitt føringar om klimaomsyn både i nasjonale forventingar til regional planlegging og i FN sine berekraftmål som skal leggjast til grunn for planarbeidet. Det må reknast som sannsynleg at planstrategien vil gje positive verknader for klimautfordringar når den er vedtatt.

**Folkehelse:** Folkehelseoversikten og utfordringane innan folkehelse vil bli vektlagt gjennom medverknad og dialog i arbeidsprosessen. Utfordringane innan folkehelse er innarbeidd i utfordringsdokumentet til regional planstrategi og vil bli vektlagt i arbeidet med regional planstrategi.

**Regional planstrategi:** Regional planstrategi 2020-2024 vil byggje vidare på gjeldande planstrategi i Hordaland og Sogn og Fjordane og vil erstatte desse når den er vedtatt.

## Konklusjon

Arbeidet med regional planstrategi vil kunne ha positiv verknad for alle fokusområda over.

### ***Førebuing av kunnskapsgrunnlag for ny planstrategi***

Arbeidet med førebuing av kunnskapsgrunnlag for regional planstrategi 2020-2024 starta i førre fylkestingsperiode gjennom at begge fylkestinga tilrådde eit felles arbeid med statistikk og utviklingstrekk og integrering av arbeidet med folkehelseoversikt. I dei same fylkestinga 12.-13. 06.18 blei oppfølginga delegert til fellesnemnda som vidaredelegerte 22.06.18 arbeidet til fellesnemnda-arbeidsutvalet. Fellesnemnda-arbeidsutvalet vedtok i møte 10.09.18 eit opplegg for førebuande arbeid med regional planstrategi.

Fylkesrådmannen utarbeidde ein fylldig rapport med [statistikk og utviklingstrekk](#) for Vestland som dekkjer både omsynet til berekraftig utvikling og krav i føringar for folkehelseoversikt. Denne rapporten blei nytta i det vidare arbeidet i regi av fellesnemnda-arbeidsutvalet.

Fylkesrådmannen gjennomførte også ei spørjeundersøking til sentrale personar i kommunane i Vestland. Undersøkinga omfatta politisk og administrativt nivå i kommunane, ungdomsrepresentantar, næringslivverksemder og organisasjonar samt frivillig sektor og andre nøkkelpersonar. Det var god svarprosent, om lag 500 svarte på spørsmåla. Det kom fram verdifullt materiale om sterke og svake sider i kvar region. Sjølv om undersøkinga ikkje kan karakteriserast som representativ er den like fullt eit uttrykk for viktige samfunnsaktør sine synspunkt.

Fellesnemnda-arbeidsutvalet inviterte til fem opne dialogmøte i ulike regionar. I dialogmøta var det presentasjon av dei politiske visjonane for eit samla Vestland, den nye organisasjonen, statistikk og resultat av spørjeundersøkinga. Regionråda peikte ut innleiarar som førebudde innlegg frå kommunane, næringsliv og frivillig sektor. Deretter var det ope for innspel frå alle møtedeltakarar. Deltakinga var god, om lag 100 personar på kvart møte, og bidraga var verdifulle på alle møta. Denne medverknadsforma fungerte svært godt.

Folkehelseoversikta, [folkehelseoversikt](#), er utarbeidd i tråd med krava i forskrifta til lov om folkehelse. Den er strukturert rundt berekraft, og utdjuar særskilt dei ulike koplingane mellom folkehelse og sosial berekraft. Oversikta byggjer på Vestland statistikk og utviklingstrekk, dialogmøta og spørjeundersøkinga. Desse utfordrinane peikar seg ut for Vestland fylke

- Fråflytting og aldrande befolkning
- Økonomisk ulikskap
- Klimaendringar

I fellesnemnda–arbeidsutvalet blei det vidare klargjort at FN sine 17 berekraftmål for 2030 skulle leggjast til grunn for det vidare arbeidet med planstrategien. Dette er fylgt opp i utfordringsdokumentet.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vart vedtatt ved kongeleg resolusjon 14.mai 2019, tidsnok til også å påverka innhaldet i utfordringsdokumentet.

I tillegg blei fagmiljøa i dei to fylkeskommunane utfordra til å koma med sine innspel om utfordringar for Vestland fylke.

#### **Rapport Vestland [utfordringar for fylket og for regionane](#)**

På bakgrunn av dokumenta og prosessane omtalt over er det utarbeidd ein rapport om utfordringar. Rapporten attspeglar i stor grad inntrykka frå innspela frå dialogmøta og spørjeundersøkinga, supplert og utdjupe med dei øvrige kjeldene. Rapporten er todelt; ein første del med felles inntrykk for heile Vestland og ein regiondel med omtale av innspel frå kvar møtereion. Rapporten blei lagt fram for fellesnemnda i møte 18.06.19, og tilrådd lagt til grunn som kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet med planstrategien.

Rapporten oppsummerer 10 hovudutfordringar pr. juni 2019:

1. Klimaomstilling
2. Balansert areal- og naturressursbruk
3. Gode transportsamband og smart mobilitet
4. Grøn konkurransekraft
5. Digitalisering av samfunnet
6. Relevant kompetanse og kunnskap
7. Attraktive stader og gode nærmiljø
8. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
9. Eit likeverdig samfunn
10. Ungdom – trivsel og tilhøyre

Det nye fylkestinget kan gjera eit utval og ei prioritering på bakgrunn av denne rapporten for dei næraste fire åra.

### ***Politisk organisering av arbeidet – mandat***

Arbeidet med regional planstrategi må forankrast politisk og fylkesrådmannen foreslår fylgjande arbeidsdeling:

- Fylkestinget skal vedta planstrategien, og det er ikkje høve til delegasjon.
- Fylkesutvalet skal vedta høyringsforslaget, og innstiller til fylkestinget om vedtak av planstrategi.
- Planutval drøftar vegval og arbeid undervegs både når det gjeld prosess og innhald, men fattar ikkje vedtak i medhald av plan- og bygningslova.
- Fagutvala drøftar planarbeidet undervegs og gir innspel til innhald.

Eit samråd mellom fylkesordførar, representant for fylkesmannen i Vestland og politisk leiar i KS Vestland drøftar medverknad og vegval etter behov.

### ***Medverknadstiltak***

Medverknad frå samfunnet er vesentleg for å utvikla ein relevant og gjennomførbar planstrategi. Omfattande medverknad har alt starta gjennom dialogmøte og spørjeundersøking. Likevel er det trong for nye tiltak, særleg som følgje av nye kommunar og nye politiske leiarskap både i kommunane og i fylkeskommunen. Høyringsperioden vil tilfredsstilla formelle krav til medverknad. Fylkesrådmannen vil likevel understreka at det er trong for god forankring av strategien dersom det skal fungere som ein felles utviklingsplan for fylket.

Informasjons- og kommunikasjonstiltak vil i hovudsak baserast på digitale plattformer under Vestland sin nettportal.

For aktiv medverknad er det i tillegg trong for fysiske møteplassar. Fylkesrådmannen tilrår at ein i størst mogeleg grad nyttar eksisterande fora for innspel og medverknad eksternt. Det gjeld regionalt planforum, regionalt næringsforum, kompetanseforum, folkehelseforum, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldreråd, fylkesting for ungdom, kontaktutvalet for innvandrarar og andre som etter kvart blir vurdert som relevante. Som særleg relevant kan vera ungdomens fylkesutval, frivillig sektor, NHO, statlege organ og Bergen kommune.

Fylkesrådmannen vil utdjupa og drøfta medverknad i første møte med planutvalet.

## **Forslag til framdriftsplan for arbeidet med planstrategi 2020-2024**

Plan- og bygningslova krev at regional planstrategi blir vedtatt seinast eitt år etter konstituering av fylkestinget. I samsvar med møteplan for fylkestinget vil fristen vera septembertinget i 2020. På den andre sida er det ynskjeleg å få på plass ein felles politikk raskt, også etter ynskje frå kommunane. Første halvår i samanslått fylke vil vera krevjande for både administrasjon og politiske organ. Sjølv om arbeidet med kunnskapsgrunnlag er kome langt vil det vera mest realistisk, grunna ønskje om god prosess og krav til høyring, med eit vedtak i fylkestinget i september.

Fylkesrådmannen foreslår fylgjande hovudframdriftsplan:

Tid	Milepæl og oppgåver
3. desember 2019	Oppstart i fylkesutvalet
januar - mars 2020	Medverknad og drøfting Drøfting i fagutvala i VLFK – 12.februar Drøfting i eksterne organ etter avtale
30.april 2020	Vedtak i fylkesutvalet av høyringsforslag
mai-juni 2020	Høyringsperiode
17. september 2020	Tilråding av planstrategi i fylkesutvalet
29.-30.september 2020	Vedtak av planstrategi i fylkestinget

Fylkesrådmannen ser trong for fylgjande møte i planutvalet:

Tid	Aktuell dagsorden
30. januar	Drøfting av FN sine berekraftsmål og integrering i planstrategi Drøfting av prioritering av innsatsområde i planstrategi Drøfting av medverknadstiltak februar og mars Utdjupande framdriftspan
26. mars	Drøfting av utkast til planstrategi Drøfting av medverknad i høyringsperioden mai-juni

## **Utgreiingar for planstrategi**

Planarbeid skal vera kunnskapsbasert. Rapporten vestland – statistikk og utviklingstrekk gir eit godt faktagrunnlag for utarbeiding av strategien. Utgreiingstrongen vil ofte vera meir omfattande i dei einkilde regionale planane. Det er likevel tema i utfordringsrapporten som kunne krevje meir analyse. Det gjeld mellom anna digitalisering av samfunnet, eit likeverdig samfunn og ungdom – trivsel og tilhøyre. Fylkesrådmannen tilrår at ein nyttar eigne ressursar til førebelse utgreiingar og avventar omfattande utgreiingar til eventuelt dette vert tinga av planutvalet etter ei prioritering av utfordringar og innsatsområde.

## **Oppfølging av FN sine 17 berekraftmål for 2030**

Både frå regionalt politisk hald og i nasjonale forventningar til regional planlegging er det understreka at FN sine berekraftmål skal leggjast til grunn for planarbeidet. I rapporten om utfordringar for Vestland og i folkehelseoversiktsdokumentet er det vist korleis FN sine mål heng saman med hovudutfordringar i Vestland. I regional planstrategi er det naturleg at ein synleggjer korleis måla for Vestland fylgjer opp FN sine berekraftmål. Nærare omtale av berekraftmåla kan ein finna [her](#).

Metodar for korleis dette skal gjerast er under drøfting. Berekraftmåla er utvikla ut i frå eit globalt perspektiv og i vesentleg grad ut i frå svakheiter og problem i ulike delar av verda. Regional planstrategi har ikkje same geografiske utgangspunkt og skal også fanga opp moglegheiter og sterke sider som kan utnyttast i regionen. Korleis vi kan sameina desse to utgangspunkta vert ei oppgåve for planarbeidet og vil bli lagt fram for planutvalet til drøfting tidleg i prosessen.

Buskerud fylkeskommune har gjennomført eit omfattande utgreiingsarbeid for å koma fram til berekraftindikatorar for fylket. Desse indikatorane er overført til Vestland fylke, og i vedlegg til denne saka er resultatet vist. Regjeringa vil utvikla indikatorar for alle berekraftmåla. Regjeringa vil at desse skal tilpassast regionale og kommunale forhold, slik at fylkeskommunar som ynskjer det kan måle effekten av eigen innsats. Fylkesrådmannen vil tilrå at Vestland fylkeskommune fylgjer opp arbeidet med indikatorar i samspel med nasjonalt utviklingsarbeid.

Vestland fylkeskommune har tilrådd deltaking som case i eit forskingsprosjekt om integrering av berekraftmål i regi av Vestlandsforskning og Nordlandsforskning. Søknaden til forskingsrådet om midlar til prosjektet vert av gjort i slutten av 2019.

## **Innhald og innsatsområde i ny regional planstrategi**

Det endelege strategidokumentet bør innehalde langsiktige mål og strategiar/innsatsområde for fire års perioden som gir ein klar retning og prioritering. Utviklingsretning bør omtalast på ein kortfatta og tydeleg måte og fanga opp viktige utviklingstrekk og utfordringar.

Planstrategien bør innehalde eit oversyn over vedtekne regionale planar som framleis skal gjelde, planar som skal reviderast og planar som skal utfasast. Dette gjeld både for regionale planar etter plan- og bygningsloven og temaplanar som omfattar viktige område for samfunnsutvikling. Planstrategien bør også fastsetje kva utval og avdeling som har eit særleg ansvar for å fylgja opp gjennomføringa av planen og rapportera om framdrift og resultat.

For at planstrategien skal vera realistisk innan eit fire års perspektiv er det naudsynt å prioritere innsatsområda. Utfordringane er eit innspel til denne prioriteringa, men bør vurderast nøye med omsyn til val av målområde.

Det kan gjerast eit skilje mellom gjennomgåande tema som er mest relevant for planstrategi og som kan gjelda for alt planarbeid og forvaltning, og meir sektortilknytte tema som gjerne fangast opp i regionale planar.

Tema klimaomstilling er ut i frå ulike innfallsvinklar eit naturleg innsatsområde så langt og vedkjem ei rekkje andre temaområde.

Fylkesrådmannen vil leggja til rette for drøfting av prioriteringar i planutvalet sitt første møte.

### **Føringar for regionalt planarbeid**

#### **Tilhøvet til gjeldande planar**

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har begge ein gjeldande planstrategi for 2016-2020. Desse gjeld til det er vedtatt ny.

### *Utsett planarbeid og revisjonsbehov*

I samband med oppstart av arbeidet med kunnskapsgrunnlag for ny felles planstrategi blei det gjort ei vurdering av om ein skulle justere oppstart av arbeid med nokre planar. Følgjande planar blei utsett til nytt fylkeesting var konstituert:

Hordaland

Regional plan for næringsutvikling

Regional klima- og energiplan

Regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar

Regional plan for kraftutbygging

Sogn og Fjordane

Regional plan for folkehelse

Regional plan for arealbruk

Fylkesrådmannen vurderer det som lite tenleg å starte planprosessar no. Fylkesrådmannen tilrår at planane blir vurdert på nytt i ny planstrategi. Relevant kunnskapsgrunnlag kan likevel utarbeidast også med sikte på løpande forvaltning.

Arbeidet med ein felles regional transportplan bør koordinerast med arbeidet til nasjonal transportplan. Fylkesrådmannen tilrår at dette planarbeidet startar parallelt med planstrategien. Det vert lagt til grunn at planstrategien vert vedteken før ny regional transportplan. Føringar i planstrategien vert lagt til grunn for denne planen.

### *Revisjonsbehov*

Fylkesrådmannen ser særleg trong for å revidere regionale planar for tema der fylkeskommunen i kraft av vesentleg tenesteproduksjon og utviklingsrolle har stor påverknad på samfunnsutvikling, det gjeld næringsutvikling og innovasjon, kultur og opplæring. Fylkesrådmannen vil likevel avvente vurdering av desse til forslag til regional planstrategi. Fylkesrådmannen legg til grunn at skulebruksplanane ikkje vert revidert i fireårsperioden.

### *Planar for delar av opphøveleg fylke*

Fylkesrådmannen vil likevel alt no tilrå at planar som er geografisk avgrensa til delar av fylket ikkje vert revidert i komande fylkestingsperiode med mindre andre fylke er avhengig av felles revisjon. Dette gjeld følgjande planar:

Regional areal og transportplan for Haugalandet,

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet,

Regional plan for Hardangervidda (under revisjon),

Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei,

Regional plan for Nordfjella, Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, og

Regional plan for Ottadalsområdet

### *Ulike planar i nytt fylke*

Planar med overlappende tema som gjeld heile tidlegare fylke vil framleis gjelda i dei geografiske områda dei blei vedtatt for. I ny planstrategi kan planar som ikkje er relevant lenger utfasast etter ei høyring og i eige vedtak i samband med ny regional planstrategi for 2020-2024.

Det let seg ikkje gjera å revidera alle planane i neste periode. Det er derfor aktuelt med nokre kjørereglar for oppfølging av planane. Utgangspunktet er at dersom ei sak gjeld i eit geografisk område gjeld tilhøyrande plan, dersom den gjeld heile fylket må det gjerast ei konkret vurdering i kvart tilfelle korleis ein kan nytte planane på ein rimeleg måte. For dei fleste planar vil det truleg ikkje vera motsetningar mellom mål i planane.

### *Felles handlingsprogram*

Det er likevel tenleg å revidere handlingsprogram, og å utarbeide felles handlingsprogram for planar der det er naturleg å ha ein felles plan for heile Vestland. Fireårige handlingsprogram kan vedtakast i fylkesutvalet etter tilråding frå relevante fagutval og drøfting i planutvalet. Prioriterte oppgåver og tiltak må omtalast og finansierast i årlege budsjett.

### *Rammer for nye regionale planar*

Før arbeidet med planstrategien startar er det naturleg å gje nokre rammer for det vidare arbeidet.

#### *Namn*

Regional planstrategi er eit lite sjølvforklarande namn på det planarbeidet som skal setjast i gong. Fylkesrådmannen tilrår at regional planstrategi blir omtalt som utviklingsplan for Vestland for å gjera dokumentet meir sjølvforklarande, men at det blir presisert at dokumentet fyller kravet til innhald i regional planstrategi.

#### *Retningslinjer for regional planlegging*

Hordaland fylkeskommune utarbeidde i samband med førre planstrategi meir utfyllande retningslinjer for regional planlegging. Fylkesrådmannen konstaterer at det i samband med FOU prosjektet «Fylkeskommunen som samfunnsutviklar og regional planlegging» som begge fylka deltek i blir tilrådd å vidareføre desse i Vestland. Fylkesrådmannen vil innlemma retningslinjene i regional planstrategi der det er relevant, og oppdatera retningslinjene i samsvar med Vestland sitt delegasjonsreglement.

#### *Talet planar og framdrift*

Hordaland og Sogn og Fjordane har til saman 30 regionale planar etter plan- og bygningsloven. I tillegg kjem ei lang rekke temaplanar/strategiar/handlingsplanar som ikkje er heimla i lova, i alt 26. Det er eit ynskje om å redusera talet på regionale planar og temaplanar, og å redusera talet på mål i dei ulike planane for å prioritera innsats og retning. Regional planstrategi vil derfor måtta gjera ei nøye vurdering av planbehovet i Vestland. Det er vedlagt eit oversyn over regionale planar etter plan- og bygningslova i begge fylka.

Eit stort tal planar under arbeid vil vera krevjande både for fylkeskommunen, og for dei som har interesse av å medverka, særleg gjeld dette kommunane. Det er derfor viktig å avgrensa det totale tal planar som er under arbeid til ei kvar tid.

Det er formelle krav til medverknad i regionale planar etter plan- og bygningsloven. Planarbeidet bør gjennomførast innan fylkestingsperioden. Maksimum tre år for regionale planar etter plan- og bygningslova og to år for andre planar bør derfor vera ei ramme for planararbeidsperioden.

#### *Plantype*

Fylkesrådmannen understrekar at regionale planar bør nyttast til viktige utfordringar der fylkeskommunen er sentral som samordnar mellom forvaltningsnivå og i noko grad også sektorar. For tema der fylkeskommunen som tenesteproducent er hovudfokus kan det vurderast enklare planformer som temaplan utan forankring i plan- og bygningsloven, men med ekstern medverknad. For interne planar kan det nyttast enkle strategiar.

#### *Kunnskapsgrunnlag*

Planlegging skal vera kunnskapsbasert, men det er viktig å avpassa omfanget av utgreiingar til føremålet med planane. Kunnskapsgrunnlaget kan oppdaterast løpande.

#### *Handlingsprogram*

Regionale planar og temaplanar bør ha eit handlingsprogram for ein fire års periode som vurderast etter kvar ny planstrategi. Det kan vera naturleg å gjera ein enkel revisjon av handlingsprogram i samband med oppretting av Vestland fylkeskommune.